



AFA har vorte KV som tyder Kvinnherad Vekstbedrift og no har den nye drakta kome på plass i form av emblem på hus og bilar. Skilta har også eit talande motto: - med menneske i fokus. Men viktigare enn emblem og utsjånad er den sertifisering som skjodde midt i desember og som no skal markerast.

Leiinga har kalla inn til markeringa 17. januar og på invitasjonslista står alle ansatte, ordførar, rådmann, kommunalsjef Gunn Tove Petterteig, leiar for tiltak og rådgjeving Kjell Sigbjørn Røsslamd, NAV-leiar Arild Berg, styreleiar i KV Hans J. Berge og lokale media.

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle tar utgangspunkt i sertifiseringa som skjodde 16. desember i kvalitetssikringssystemet European Quality in Social Services, stutt kalla Equass. Arbeidet med sertifiseringa starta allereie for 2 år sidan med 8 kursdagar fordelt over 4 samlingar og Uskedalen-bedrifta hade 3 personar med. Sidan sommaren i fjor har arbeidet vore intensivert fram mot sertifiseringa og har vore eit stort løft.

No ynskjer KV å feire og informere lokalsamfunnet både om denne prosessen og vegen vidare.

Kva tyder ei slik sertifisering? Det er eitt av spørsmåla som dei inviterte ynskjer svar på.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen